

NOTAT

Frå kommunalsjef Arne Abrahamsen
Til Utval for plan og forvaltning

Tema: Kommunal planstrategi 2020 – 2023

Føremål med notatet

Notatet skal gje organisasjonen eit grunnlag og legge til rette for ein administrativ og politisk diskusjon om planstrategi for dei neste fire åra. Notatet skal gje nok informasjon til å ta avgjerd om ambisjonar for arbeidet og prosess for det vidare arbeidet. I og med at dette er eit drøftingsnotat er det skissert ulike løysingar på mellom anna organisering m.m. Oppbygginga av notatet med ein del vedlegg er og meint som døme på korleis administrasjonen ser føre seg å bygge opp ulike plandokument. Sjølve dokumenta bør være kortfatta og oversiktlege, mens det kan ligge ved mange vedlegg som gjev bakgrunn og bygg opp under sjølve plandokument.

Bakgrunn

Arbeidet er styrt av PBL § 10 der det er sett krav om at kommunestyret minst ein gong i kvar valperiode, og seinast innan eitt år etter konstituering, utarbeide og vedta ein kommunal planstrategi. Planstrategien skal drøfte dei strategiske vala knytt til samfunnsutvikling, og vurdere kva planbehov kommunen har i valperioden. Planstrategien skal gjere det mogleg for dei nyvalde politiske styringsorgana å påverke planlegginga i perioden og dei strategiske vala kommunen skal styre etter i perioden.

Fellesnemnda for NSK handsama våren 2019 eit framlegg til opplegg for arbeidet med Planstrategi 2020 – 2024 for nye Sogndal kommune. Til denne saka var det utarbeida eit mandat for arbeidet. Dette notatet har teke utgangspunkt i mandatet og bakt inn dei momenta som framleis er relevante for det vidare arbeidet.

Mål med arbeidet

- Sikre vedtak av ein planstrategi som er godt forankra og kommunisert både politisk og administrativt.
- Sikre at planstrategien vert styrande for det vidare planarbeidet og at den er realistisk i høve ressursar og definerte behov.
- Planstrategien skal gje føringar for planarbeidet. Føringane skal bygge på politisk plattform for ny kommune, og på seinare politiske vedtak.

Aktivitetar i prosessen

1. Evaluere gjeldande planstrategiar (i dei tre kommunane) og arbeidet med å følgje dei opp.
2. Kartlegge status for vedtekne planar i dei tre kommunane, og pågåande planarbeid.
3. Utarbeide eit grunnlagsdokument (folkehelseoversikt) som eit levande dokument vi kan oppdatere gjennom planperioden. Dokumentet skal ikkje berre vere omtale tema, men få fram problemstillingar som er viktige for å utvikle kommunen og fornye tenestene.
4. Utarbeide konkrete premissar og føringar for ein framtidsretta plankultur, både administrativt og politisk. I dette ligg og medverknadsstrategiar, innbyggjarinvolvering og dialog med aktørar innanfor og utanfor eigen kommune og forvaltningsnivå.

5. Etablere eit sett av mål og strategiar som skal være førande for dei einskilde planarbeida som følger av planstrategien.
6. Etablere eit samanhengande og heilskapleg plansystem der koplinga til økonomiplanen og handlingsprogramma vert knytt saman. Plansystemet må vise tydeleg korleis vi skal sikre at planarbeidet fører til aktive handlingar. Ha
7. Utarbeide ei oversikt over planbehov for åra 2020 – 2023, og ein samla tidsplan for gjennomføring av dei ulike planane.
8. Vurdere behov for ressursar i planlegginga som går ut over det daglege driftsbudsjettet.

Organisering av arbeidet

Kommunalsjefen vurderer dagens delegeringsreglement til å legge ansvar som politisk styringsgruppe til formannskapet. Utval for Plan og Forvaltning vil då bli eit politisk arbeidsutval som drøftar arbeidet undervegs, og at formannskapet tek avgjerd når det er behov for det.

Alternativet hadde vore at Utval for plan og Forvaltning var styringsgruppe, og kom med ferdig framlegg til planstrategi for formannskapet. Ei slik organisering av det politiske arbeidet ville kanskje bli meir effektivt, men miste noko av forankringa oppover. Dette må avklarast politisk. I alle høve er det kommunestyret som gjer vedtak av planstrategi for kommunen.

Administrativt er Kommunalsjef plan og samfunn prosjektleiar. Tenesteleiar for plan og forvaltning vil ha ein sentral rolle i det praktiske arbeidet. Rådmannen si leiargruppe er referansegruppe og drøftingsarena for å sikre involvering og forståing for dei prioriteringane som vert gjort. Skal eit heilskapleg plansystem fungere er det avgjerande at alle sektorleiarar ser heilskapen, og ser sin sektor som deltakar i dette.

Finansiering av arbeidet

Arbeidet vert gjort internt i organisasjonen med noko støtte utanfrå for å klare skissert framdrift. Kostnadane til ekstern støtte vert dekkja av prosjektmidlar til overordna planarbeid frå Fylkesmannen i Vestland. Kommunen fekk mot slutten av 2019 kr 175.000 til slikt planarbeid. Støtte utanfrå kan til dømes gjelde spesifikke analyser det er behov for å gjere eller bistand til prosessane undervegs.

Framdriftsplan

Planstrategien skal gje føringar for kommande planarbeid. Det er vurdert at det er viktig å komme i relativt raskt med overordna planverk. Ein kommuneplan samfunnsdel skal gje dei overordna måla og prioriteringane for utviklinga vidare. Denne planen vil igjen måtte legge føringar for kommuneplanen sin arealdel, som truleg og blir svært viktig å forsere i planperioden. Det er difor avgjerande at arbeidet med planstrategien kan skje innanfor eit avgrensa tidsvindauge. Administrasjonen har difor lagt eit svært knapp tidsplan for arbeidet.

Vi ser og føre oss at vi startar arbeidet med eit planprogram for samfunnsdelen alt før planstrategien er endeleg vedteken. Dette kjem ikkje fram i forslag til tidsplan gitt nedanfor, av di den er avgrensa til å gjelde planstrategien. Framlegg til overlappende planarbeid er vist som døme i punktet om «føringar for planarbeidet».

NÅR	KVA	KVIFOR
Januar og februar 2020	Utarbeide prosessnotat og grunnlagsmateriale	Gjere administrative og politiske vedtak om framdrift og ambisjonar
Januar 2020	Drøfting i rådmannen si leiargruppe	Avklare prosess og legge ein plan for involvering av sektorane i det vidare arbeidet.

23.01.20	Utval for Plan og Forvaltning (PFU)	Sikre start av arbeidet og legge føringar for arbeidet
30.01.20	Formannskapet	Orientering om handsaminga i PFU, og få aksept for framdrifta.
Februar 2020	Politiske drøftingar av vegval, mål, prioriteringar	Viktig å få ei tidlege og gode dialogar både administrativt og politisk. Burde ha vore eit møte i PFU denne månaden. Viktig å få raske avklaring av kva veg det er ynskjeleg å gå.
27.02.20 ?	Formannskapet/PFU	Drøfte og ta avgjerder som sikrar framdrift.
Mars 2020	Arbeidsprosess	Spesifikk dialog med prioriterte aktørar og synleggjere val av prioriteringar for ålmenta.
19.03.2020	Formannskapet	Handsame utkast til planstrategi og vedta at den kan bli lagt ut offentleg.
07.05.2020	Kommunestyret	Vedta planstrategi

Føringar for planarbeidet

Administrasjonen meiner det er legitimt å ha relativt korte tidsvindauger for dei einskilde delane av planarbeidet i 2020. Den nye kommunen har eit sterkt behov for raskt å få på plass gode og handlingsretta strategiar for dei ulike områda. Strategiar som kan sikre god utvikling av viktige område i kommunen og styrke utviklingsarbeidet i dei einskilde sektorane. Det er og viktig å legge tydelege føringar for samhandlinga med nabokommunane, region og stat, for å løyse ut dei potensiala som ligg i området.

I arbeidet med planstrategien, er det viktig at vi svært restriktive med å kome med framlegg til ulike sektorplanar/temaplanar. Det er fullt mogleg å bygge opp ein samfunnsdel som gjev sektorane og samarbeidspartane dei føringane og styringssignala dei treng for eigen verksemd. Det er og legitimt at dei einskilde sektorane utarbeider eigne administrative sektorplanar med handlingsplanar, for å sikre felles forståing internt og felles oppfølging av prioriterte tiltak.

I den politiske plattformen for etablering av den nye kommunen, var det stort fokus på utviklingsarbeid. Ei føring for planarbeidet bør difor vere at det i grunnlagsdokumenta vert lagt vekt på å få fram problemstillingar som konkretiserer område der det er ynskjeleg og eit sterkt behov for å skape endring. Den politiske plattformen la og vekt på at måla for nye Sogndal skal knyte seg opp til berekraftsmål til FN. Det er 27 slike mål, og det må gjennom planstrategien og dei einskilde planane bli gjennomført prosessar som konkretiserer kva for mål kommunen vil prioritere denne valperioden.

System for oppfølging og bruk av planverket

Administrasjonen meiner at det i samband med at det vert utarbeida planar, og må bli etablert eit system for å bruke planane aktivt i det daglege arbeidet og som sikrar prioriterte utviklingsoppgåver. Her kan dagens strategiske plan for næring- og samfunnsutvikling som tidlegare Balestrand kommune har nytta, være eit døme på strategiske sektorplanar, forankra i felles kommunale strategiar.

Uansett om kommunen har få eller mange planar er det viktig at det vert laga eit årshjul som sikrar at handlingsdelen vert rullert, og at den kjem inn i sløyfa til økonomiplanen og prioriteringane her.

Læringspunkt frå tidlegare planstrategiar

I vedlegg 3 er det starta eit arbeid med å evaluere arbeidet med planstrategiane i dei tidlegare 3 kommunane. Dette arbeidet er ikkje ferdig men så langt kan vi alt peike på følgjande læringspunkt:

- Erfaringa frå planstrategien for perioden 2012 – 2015 viser at det er eit stort gap mellom ambisjonane om utarbeiding av planar og den faktiske kapasiteten kommunane har for å gjennomføre planarbeidet.

- I og med at ulike planar skal «bygge på kvarandre» har det vist seg vanskeleg å legge ein struktur på gjennomføringa, som klarar å sikre at føringar frå eit plannivå, vert teke med i planarbeidet på eit lågare nivå. Samtidig må ikkje det hindre oss i å drive planarbeid på fleire nivå samtidig.
- Erfaringane viser at kommunane er for lite flinke til å prioritere, både tal planar og omfanget av den einskilde plan, slik at dei kan følgje opp intensjonane i PBL § 3-1:

Planleggingen skal bygge på økonomiske og andre ressursmessige forutsetninger for gjennomføring og ikke være mer omfattende enn nødvendig.

Døme på tidsplan for planarbeidet som del av ein ny planstrategi

For å sikre rask framdrift av arbeidet, er det gjort framlegg om overlappende planlegging som eit prinsipp for å redusere den samla tida brukt til planlegging. Samtidig vil dette vere meir ressurskrevjande i den perioden planlegginga går føre seg. Effekten vil bli at kommunen raskare får på plass det heilskaplege plansystemet vi treng for den daglege drifta.

Planarbeid 1)	2020				2021				2022				2023				2024
	1	2	3	4	1	2	3	4	1	2	3	4	1	2	3	4	
Planstrategi	■	■															
Planprogram samfunnsdel		■	■														
Samfunnsdel			■	■	■	■											
Planprogram arealdel				■	■												
Arealdel					■	■	■	■									
Temaplanar 2)			■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	
Neste planstrategi 3)															■	■	■


Fotnotar:

- 1) Oversikta viser eit fyrste framlegg til korleis vi kan tenkje framdrift på dei overordna plandokumentane. For å sikre at vi kjem raskt i mål med desse planane, vil det vere ein føresetnad at arbeidet som bygger på ein annan plan, kan kome i gang før endeleg vedtak av den overordna planen. Til dømes at planprogram for samfunnsdelen av kommuneplanen vert jobba med parallelt med planstrategien.
- 2) Konkretisering av arbeidet med prioriterte temaplanar/ sektorplanar m.m., vert gjort gjennom prosessen med planstrategien. I figuren er det berre lagt inn ei line for å symbolisere at temaplanane kjem her og at dei samla kan gå føre seg gjennom heile planperioden. Det viktige er å konkretisere tidsperioden for kvar einskild så fort det er gjort prioritering av kven som skal med.
- 3) Mange kommunar startar arbeidet med neste generasjon planstrategi før valet, for at noverande politiske miljø kan gjere sine vurderingar av planarbeidet, og legge desse erfaringane som innspel til dei nye politikarane.

Vedlegg


1. Figurar som illustrerer planlegginga og heilskapen rundt planarbeidet.
2. Lovmessige føringar for arbeidet med kommunal planstrategi
3. Nasjonale og regionale forventningar til planarbeidet
4. Evaluering av planstrategiane i dei tre tidlegare kommunane

Tema: Figurar som viser tenkinga rundt arbeidet med den kommunale planstrategien.



Figur 1.

Arbeidet med planstrategiar er fyrst og fremst eit strategisk arbeid, men samtidig må det vere realistisk og organisert på ein slik måte at det både vert skapt vilje til og ressursar til å gjennomføre planarbeidet.



Figur 2.

Figuren viser samanhengane mellom dei ulike plantypene. Dei raudfarga plandokumenta skal følgje reglane i PBL om prosess. Planar i det grøne feltet er administrative planar og styringsdokument som skal sikre gjennomføring av politisk vedtekne planar og strategiar.

Lovmessige føringer for arbeidet med kommunal planstrategi

Plan- og bygningslova

§ 1-1. Lovens formål

Loven skal fremme bærekraftig utvikling til beste for den enkelte, samfunnet og framtidige generasjoner.

Planlegging etter loven skal bidra til å samordne statlige, regionale og kommunale oppgaver og gi grunnlag for vedtak om bruk og vern av ressurser.

Byggesaksbehandling etter loven skal sikre at tiltak blir i samsvar med lov, forskrift og planvedtak. Det enkelte tiltak skal utføres forsvarlig.

Planlegging og vedtak skal sikre åpenhet, forutsigbarhet og medvirkning for alle berørte interesser og myndigheter. Det skal legges vekt på langsiktige løsninger, og konsekvenser for miljø og samfunn skal beskrives.

Prinsippet om universell utforming skal ivaretas i planleggingen og kravene til det enkelte byggetiltak. Det samme gjelder hensynet til barn og unges oppvekstvilkår og estetisk utforming av omgivelsene.

§ 3-1. Oppgaver og hensyn i planlegging etter loven

Innenfor rammen av § 1-1 skal planer etter denne lov:

- a) sette mål for den fysiske, miljømessige, økonomiske, sosiale og kulturelle utviklingen i kommuner og regioner, avklare samfunnmessige behov og oppgaver, og angi hvordan oppgavene kan løses
- b) sikre jordressursene, kvaliteter i landskapet og vern av verdifulle landskap og kulturmiljøer
- c) sikre naturgrunnet for samisk kultur, næringsutøvelse og samfunnsliv
- d) legge til rette for verdiskaping og næringsutvikling
- e) legge til rette for god forming av bygde omgivelser, gode bomiljøer og gode oppvekst- og levekår i alle deler av landet
- f) fremme befolkningens helse og motvirke sosiale helseforskjeller, samt bidra til å forebygge kriminalitet
- g) ta klimahensyn gjennom reduksjon av klimagassutslipp og tilpasning til forventede klimaendringer, herunder gjennom løsninger for energiforsyning, areal og transport
- h) fremme samfunnssikkerhet ved å forebygge risiko for tap av liv, skade på helse, miljø og viktig infrastruktur, materielle verdier mv.
- i) legge til rette for helhetlig forvaltning av vannets kretsløp, med nødvendig infrastruktur.

Planleggingen skal fremme helhet ved at sektorer, oppgaver og interesser i et område ses i sammenheng gjennom samordning og samarbeid om oppgaveløsning mellom sektormyndigheter og mellom statlige, regionale og kommunale organer, private organisasjoner og institusjoner, og allmennheten.

Planleggingen skal bygge på økonomiske og andre ressursmessige forutsetninger for gjennomføring og ikke være mer omfattende enn nødvendig.

Planer skal bidra til å gjennomføre internasjonale konvensjoner og avtaler innenfor lovens virkeområde.

Vedtatte planer skal være et felles grunnlag for kommunal, regional, statlig og privat virksomhet i planområdet.

§ 4-1. Planprogram

For alle regionale planer og kommuneplaner, og for reguleringsplaner som kan få vesentlige virkninger for miljø og samfunn, skal det som ledd i varsling av planoppstart utarbeides et planprogram som grunnlag for planarbeidet. Kongen kan ved forskrift gjøre unntak fra kravet om planprogram for reguleringsplaner.

Planprogrammet skal gjøre rede for formålet med planarbeidet, planprosessen med frister og deltakere, opplegget for medvirkning, spesielt i forhold til grupper som antas å bli særlig berørt, hvilke alternativer som vil bli vurdert og behovet for utredninger. Forslag til planprogram sendes på høring og legges ut til offentlig ettersyn normalt samtidig med varsling av planoppstart. Planprogrammet fastsettes ordinært av planmyndigheten.

Dersom berørte regionale og statlige myndigheter på grunnlag av forslag til planprogram vurderer at planen kan komme i konflikt med nasjonale eller viktige regionale hensyn, skal dette framgå av uttalelsen til forslaget til planprogram.

§10-1. Kommunal planstrategi

Kommunestyret skal minst én gang i hver valgperiode, og senest innen ett år etter konstituering, utarbeide og vedta en kommunal planstrategi. Planstrategien bør omfatte en drøfting av kommunens strategiske valg knyttet til samfunnsutvikling, herunder langsiktig arealbruk, miljøutfordringer, sektorenes virksomhet og en vurdering av kommunens planbehov i valgperioden.

Kommunen skal i arbeidet med kommunal planstrategi innhente synspunkter fra statlige og regionale organer og nabokommuner. Kommunen bør også legge opp til bred medvirkning og allmenn debatt som grunnlag for behandlingen. Forslag til vedtak i kommunestyret skal gjøres offentlig minst 30 dager før kommunestyrets behandling.

Ved behandlingen skal kommunestyret ta stilling til om gjeldende kommuneplan eller deler av denne skal revideres, eller om planen skal videreføres uten endringer. Kommunestyret kan herunder ta stilling til om det er behov for å igangsette arbeid med nye arealplaner i valgperioden, eller om gjeldende planer bør revideres eller oppheves.

Kapittel 11

Utarbeiding og behandling av kommunal planstrategi kan slås sammen med og være del av oppstart av arbeidet med kommuneplanen,

Rundskriv T-1494

Miljøverndepartementet har gitt i rundskrivet gitt råd om det praktiske arbeidet:

- Gjeldende kommuneplan er eit viktig utgangspunkt for den kommunale planstrategien. For kommunar som har kommuneplan med samfunnsdel og arealdel vil ein viktig diskusjon vera om heile eller deler av kommuneplanen skal reviderast.

- Erfaringane med korleis gjeldande kommuneplan har verka bør gå inn som ein del av grunnlaget for å vurdere planbehovet i kommunestyreperioden:
 - Korleis har kommuneplanen virka som politisk og administrativt styringsverktøy
 - I kva grad har utviklinga gått i den retninga som var trekt opp i mål og føringar i gjeldande kommuneplan?

I planstrategien er det naturleg at kommunen ikkje berre vurderer behovet for revisjon av kommuneplanen, men òg kommunen sitt samla planbehov i kommunestyreperioden. Dette gjeld lovpålagde planoppgåver, ikkje lovpålagde og anna utgreiingsarbeid.

Vurderingane av korleis kommuneplanen har fungert som styringsverktøy kan gjerast på ein enkel måte av administrasjonen, eller meir omfattande som ei undersøking.

Dei ulike plantypene

Kommuneplan samfunnsdel: Kommuneplanens samfunnsdel er ein strategisk plan som skal ligge til grunn for kommunens eigen verksemd og for statens og regionale mynde si verksemd i kommunen. Kommuneplanen er ikkje juridisk bindande. Kommuneplanens handlingsdel gir grunnlag for kommunens prioritering av ressursar, planleggings- og samarbeidsoppgåver og konkretiserer tiltaka innanfor kommunen sine økonomiske rammer.

Arealdelen i kommuneplanen: Juridisk bindande plan for arealbruk. Planen skal fastsetja hovudtrekka i arealdisponeringa og gi rammer og vilkår for kva nye tiltak og ny arealbruk som kan setjast i verk.

Reguleringsplanar: Detaljert, juridisk bindande plan for eit avgrensa område og skal visa planlagd grunnutnytting i dette området. Reguleringsplanar skal innehalda plankart, utgreiing og føresegner. Det skal vera samsvar mellom arealbruken i reguleringsplanar og arealdelen i kommuneplanen.

Tematiske kommunedelplanar: Plan for konkrete tema eller sektorar i kommunen. Prosessane skal fylgja prosessane fastsett i Kap 11 i Pbl.

Fagplanar/handlingsplanar: Dette er dokument som einskilde tenestemråde/sectorar i kommunen treng for sitt arbeidsområde. Dette er planar som ikkje fylgjer krav til prosess i Kap 11 i Pbl. Dei skal/treng heller ikkje vera med i planstrategien.

Nasjonale og regionale forventningar til planarbeidet

Nasjonale forventningar

Generelle føringar gitt med heimel i Plan- og bygningslova § 6-1:

- Formidlar den nasjonale prioriterte politikken
- Kommunane får auka ansvar for å sikre nasjonale og viktige regionale interesser
- Regjeringa ynskjer at lokal samfunns- og arealplanlegging skal vere basert på ein dialog mellom alle partar, der og staten deltek

Dei store utfordringane:

- Å skape eit berekraftig velferdssamfunn
- Å skape eit økologisk berekraftig samfunn gjennom mellom anna ein offensiv klimapolitikk og ei forsvarleg ressursforvaltning
- Å skape eit sosialt berekraftig samfunn
- Å skape eit trygt samfunn for alle

4 prioriterte planområde:

1. Planlegging som verktøy for heilskapleg og berekraftig utvikling
«Planlegging er eit effektivt og godt styringsverktøy for berekraftig samfunnsutvikling og arealbruk. Kommunane har fått større handlingsrom og ansvar for å sikre nasjonale og vesentlege regionale interesser. Kommunal planlegging er viktig for å få ein meir berekraftig, brukarorientert, effektiv og resultatorientert offentleg sektor»
 - Berekraftsmåla til FN som grunnlag for planlegginga
 - Tydeleg retning for samfunnsutviklinga
 - Effektive og kunnskapsbaserte planprosessar
 - God gjennomføring av arealplanar
 - Auka bruk av digitale verktøy i planlegginga
2. Vekstkraftige regionar og lokalsamfunn i heile landet
«Eit berekraftig velferdssamfunn er avhengig av at det blir skapt verdier og arbeidsplassar i heile landet»
 - Næringsutvikling gir grunnlag for velferd
 - Eit samfunn med låge utslipp, som er trygt og tilpassa klimaendringane
 - Aktiv forvaltning av natur- og kulturminneverdiar
 - Ressursbasert næringsutvikling
3. Berekraftig areal- og transportutvikling
«Eit godt transportsystem er avgjerande for eit moderne samfunn og ein viktig del av utbyggingsmønsteret og byutviklinga»
 - Styrkt knutepunktsutvikling
 - Meir vekt på regionale løysingar

4. Byar og tettstadar der det er godt å bu og leve
«Fleire og fleire bur i byar og tettstadar. Tettstadane i Noreg har låg tettleik og bustadbygging må i større grad skje gjennom fortetting og transformasjon og i mindre grad gjennom bruk av omkringliggende areal»

- Opne og inkluderande tettstadar
- Trygge og helsefremjande lokalsamfunn
- Kvalitet i dei fysiske omgjevnadane våre
- Levande sentrumsområde

Regionale forventningar

Vestland fylkeskommune vil at kommunane i Vestland legg regional planstrategi og dei analysane dei har gjort for å vurdere situasjonen i Vestland, til grunn og for dei kommunale planstrategiane. Dei vil og kome med innspel om at føringar som ligg i regionale planar vert vurdert inn den kommunale planstrategien. Dette gjeld planar som:

- Regional plan for senterstruktur
- Regional plan for folkehelse
- Regional plan for kultur

Regional plan for senterstruktur legg mellom anna følgjande føringar:

- Senterstrukturen skal leggjast til grunn for planlegging og forvaltning.
- Attraktive bustader
- Sterkare bu-, arbeids- og serviceregionar
- Førde er fylkessenter. Fylkessenteret er naturleg lokaliseringsstad for offentlege og private tenester som dekkjer heile fylket. Førde bør også i framtida vere ein sentral lokaliseringsstad for offentleg-administrativ verksemd i det nye Vestland fylke.
- Sogndal er regionsenter i Sogn. Nye Sogndal kommune er naturleg lokaliseringsstad for offentlege og private tenester som skal dekke regionen Sogn og heile fylket. Sogndal og Leikanger bør også i framtida vere ein sentral lokaliseringsstad for offentleg-administrativ verksemd i det nye Vestland fylke.
- Leikanger si rolle som administrasjonsstad i fylket, med samlokalisering av etatar frå ulike forvaltningsnivå, bør førast vidare.
- Senterstrukturen skal leggjast til grunn for planlegging og forvaltning.
- I sentra i BAS-regionane bør det leggjast til rette for å samlokalisere handel eller tenestetilbod som krev større folketalsgrunnlag, og som tener større område enn den einskilde kommunen.
- Kollektivknutepunkt bør plasserast i sentrum av kommunesenter og sentera i BAS-regionane, og lett tilgjengeleg frå sentrale funksjonar og arbeidsplassar.

Evaluering av planstrategiane i dei tre tidlegare kommunane

Føremålet med evalueringa

Det er gjort ei vurderinga av gjeldande kommunale planstrategiar ut frå å få fram læringspunkt for arbeidet med ny planstrategi. Det er difor og tatt med vurderingar som er gjort av administrasjonen i arbeidet og merknadar frå andre aktørar som kan gje oss verdifull kunnskap.

Samla vurdering og læringspunkt

Erfaringa frå planstrategien for perioden 2012 – 2015 viser at det er eit stort gap mellom ambisjonane om utarbeiding av planar og den faktiske kapasiteten kommunane har for å gjennomføre planarbeidet.

I og med at ulike planar skal «bygge på kvarandre» er det viktig å legge ein struktur på gjennomføringa, som klarar å sikre at føringar frå eit plannivå, vert teke med i planarbeidet på eit lågare nivå. Samtidig må ikkje det hindre oss i å drive planarbeid på fleire nivå samtidig.

Erfaringane viser at kommunane er for lite flinke til å prioritere slik at dei kan følgje opp intensjonane i PBL § 3-1:

Planleggingen skal bygge på økonomiske og andre ressursmessige forutsetningar for gjennomføring og ikke være mer omfattende enn nødvendig.

Sogndal kommune

Kommunestyret vedtok kommunal planstrategi 2016-2020, datert 01.04.2016, i møte 21.04.2016. Dokumentet gjev ei vurdering av planbehovet i Sogndal kommune i kommunestyreperioden 2016-2020. Med bakgrunn i Stortinget sitt vedtak om samanslåing av kommunane Balestrand, Leikanger og Sogndal frå 01.01.2020, har rådmannen gjort ei ny vurdering av tidslinja for kommunen si prioritering av planoppgåver i planperioden. Kommunestyret vedtok revidert planstrategi 2016-2020, i møte 19.10.2017.

Det vart vurdert som føremålstenleg å utsetje rullering av enkelte planar slik at dei kan verte tilpassa prioriteringar og strategiar som vert fastlagd i nye Sogndal kommune frå 2020. Det vart lagt ei føring om at dersom kommunen skulle gjennomføre nokon av planane burde dette fortrinnsvis skje som eit samarbeid mellom dei aktuelle kommunane. Det vart difor valt ei forenkla endring av planstrategien ved at berre tidslinja for planbehovet vart justert.

Planar som vert utsett for rullering og skal vedtakast i nye Sogndal kommune:

- Samfunnsdel til kommuneplanen
- Samfunns-ROS
- Folkehelseoversyn
- Hovudplan for trafikktrygging 2013-2016
- IKT-strategiplan
- Ruspolitisk handlingsplan

Planar som det allereie er vedtatt at skal reviderast i samarbeid med Balestrand og Leikanger:

- Kommunal plan for idrett, friluftsliv, fysisk aktivitet og folkehelse (2018)

Planar som er forlenga fram til 2020:

- Overordna helse- og omsorgsplan 2014-2022
- Bustadsosialt velferdsprogram 2014-2019
- Klima og energiplan 2010-2015

Planar som vert oppdatert ved behov:

- Beredskapsplan
- Katastrofeplan
- Plan for krisehandtering
- Plan for helsemessig og sosial beredskap
- Smittevernplan
- Pandemiplan

Planar som vert oppdatert etter ny arealdel til kommuneplanen (2018):

- Gangvegar, stiar og grønne korridorar i sentrum
- Hovudplan for vassforsyning 2009-2018
- Hovudplan for avløp 2009-2018

Planar som gjeld inntil vidare:

- Plan for handtering av overvatn
- Kulturminneplan
- Landbruksplan 2009-2013

- Plan for hjorteviltforvaltninga 2011-2015
- Strategi for kommunen si samhandling med friviljug sektor.
- Sykkelpplan

Plan- og bygningslova § 10 -1 sett krav til innhald og prosess, ved utarbeiding og vedtak av kommunal planstrategi. Dei same prosesskrava vert derimot ikkje stilt dersom kommunen har gode grunnar for å endre eller fråvike planstrategien innanfor same valperiode. Kommunesamanslåinga vart difor vurdert som ein god grunn til å gjere justeringar i planstrategien for Sogndal. Rådmannen vurderte det som ikkje naudsynt å gjennomføre ein full revisjon med full medverknadsprosess i samband med justeringane. Han seier vidare: «*Gjeldande planstrategi er, med endringane som no er føreslegne, framleis vurdert å ivareta sitt føremål om å klargjere kva planoppgåver kommunen bør gjennomføre, for å legge til rette for ønska utvikling. Den er framleis basert på ei god og brei medverknadsprosess, oppdatert kunnskapsgrunnlag og gjeldande nasjonale føringar.*»

Erfaringar å ta med seg

Undervegs i ein fireårsperiode kan det skje uføresette ting som gjer at det kan vere behov for å vurdere planbehov og framdrift av planarbeidet på nytt. Erfaringa frå Sogndal viser at det kan vere nyttig at vi legg inn ei generell formulering i planstrategien om kva som skjer dersom slike behov dukkar opp.

Er planarbeidet gjennomført som planlagt? Har dei hatt tilstrekkelege ressursar? Kva har fungert? Kva bør vi trekke ut av andre læringspunkt?

Leikanger kommune

Leikanger kommunestyre vedtok kommunal planstrategi 2016-2019 den 26.05.2016.

Vurderingar i saka:

Administrative merknadar:

Det er avgrensa planleggingskapasitet i administrasjonen, noko som gjer seg utslag både i eigen produksjon og i styring av innleigd kompetanse.

Kommunen si hovudutfordring er, trass i ein folketalsauke på om lag 20 personar i året sidan 2009 at pendlinga inn til kommunen i 2015 var på 830 personar medan 372 pendla ut. Her har Leikanger eit stort potensiale for ytterlegare auke i folketallet, noko som vil gi ein betre kommuneøkonomi. I denne samanhengen er revisjon av arealdelen i kommunen den viktigaste reiskapen, der kommunen skal leggja til rette for attraktive bustader. Denne planen med grunnlagsmateriale har difor høgst prioritert i planstrategien.

Når det gjeld fylkesmannen si oppmoding til vurdering av konkrete miljøutfordringar, vil arbeidet med revisjon av løpsplanen (5.7) ta opp i seg avrenning frå den nedlagde fyllplassen på Kvålen. Spørsmålet om ureining i grunnen frå tidlegare bruk av plantevernmiddel vil verta fylgd opp gjennom krav til undersøkingar i samband med reguleringsplanar. Desse to konkrete miljøutfordringane er òg omhandla i samfunnsdelen.

I den kommunale planstrategien er dei fem regionale utfordringane tekne inn. I analysenotat motteke frå fylkeskommunen syner at Leikanger har ei positiv folketalsutvikling, ei gunstig plassering i forhold til regionsenter, ein gunstig balanse mellom kvinner og menn, få utfordringar i forhold til folkehelseprofilen, men ein stor utfordring i eit aukande tal eldre i aldersgruppa +67 år. Denne siste utfordringa tek kommunen tak i gjennom helse- og omsorgsplanen i planstrategien.

Det kan ut i frå innspela til Fylkesmannen og fylkeskommunen sjå ut som Leikanger kommune sitt arbeid med planstrategien er på kollisjonskurs med desse to styremaktene. Leikanger kommune oppfatar det ikkje slik. Desse to styresmaktene har ynskjemål om ein meir omfattande planstrategi, medan Leikanger kommune har utarbeidd ein planstrategi tilpassa lokale utfordringar utan å dermed vera i strid med overordna føringar.

Fylkesmannen sine merknadar:

Fylkesmannen tilrår kommunen å vurdere om det er konkrete miljøutfordringar, t.d. knytt til ureining og arealdisponering. Dei tilrår at relevante miljøutfordringar kjem tydeleg fram i planstrategien. Det er viktig at den heilskaplege ROS-analysen og beredskapsplanen vert revidert. Dersom utfordringsbiletet i kommunen er endra sidan samfunnsdelen vart utarbeidd bør dette visa att i planstrategien. Det vert særleg peika på integrering av innvandrarak som ei viktig utfordring i mange kommunar.

Fylkeskommunen sine merknadar:

Det vert forventat at strategien i større grad drøftar dei ulike utfordringane kommunen står overfor, og set overordna retning og mål for det vidare planarbeidet.

Regional planstrategi må i sterkare grad leggjast til grunn for det kommunale planarbeidet, og drøftingane bør vise kva dette inneber for Leikanger.

Planstrategien bør drøfte Leikanger som ein del av ein større bu- og arbeidsmarknadsregion.

I saksutgreiinga saknar fylkeskommunen drøftingar av nokre problemstillingar og oppmodar kommunen til å jobbe meir med å tydeleggjere utfordringane og satsingsområda. Dei meiner at den regionale planstrategien bør vere ein sentral del av ein kommunal planstrategi og at den seier noko om korleis kommunen i sitt planarbeid vil halde seg til dei utfordringar og mål som fylkeskommunen skisserer.

Gjeldande kommuneplanar

Leikanger kommunestyre vedtok i juni 2009 arealdelen i kommuneplan, gjeldande for perioden 2008-2016.

Ny samfunnsdel 2015 - 2016 vart vedteken i juni 2015 med fylgjande overordna mål for

Leikangersamfunnet: ***Eit berekraftig Leikanger i vekst.***

Dei fem satsingsområda i samfunnsdelen i kommuneplanen er:

1. Busetjing og inkludering
 - Busetjing og tilflytting
 - Omdømmebygging
 - Sentrumsutvikling
2. Næringsutvikling og verdiskaping
 - Næring, etablering og dei offentlege etatane
 - Landbruk, skogbruk, frukt og bær
3. Oppvekst, eldre og helse
 - Oppvekst og helse
 - Skular og barnehagar
 - Helse og førebyggjande arbeid
4. Kultur og fritid
 - Frivillige lag og organisasjonar
 - Idrett og friluftsliv
 - Kultur
 - Natur og miljø

Erfaringar å ta med seg

Erfaringa frå planstrategien for perioden 2012 – 2015 viser at det er eit stort gap mellom ambisjonane om utarbeiding av planar og kapasiteten. I framlegget til planprioritering 2016 – 2019 er det under punkt 4. ført opp fleire planar som skal inngå som grunnlagsmateriale for ny arealdel. Skal dette grunnlagsmateriale vera mogeleg å få fram parallelt med framdrifta i arealplanarbeidet, må det skje i ei avgrensa og enkel form.

Kva for planar vart vedteke utarbeida, og kva er gjort? Er planarbeidet gjennomført som planlagt? Har dei hatt tilstrekkelege ressursar? Kva har fungert? Kva bør vi trekke ut av andre læringspunkt?

Balestrand kommune

Kommunestyret vedtok siste planstrategi for Balestrand, datert 02.05.17, den 15.06.2017.

Kommunestyret valde med dette å vedta ein forenkla planstrategi ut frå situasjonen kommunen er i med føreståande kommunesamanslåing. Dette ut i frå både den kapasitet ein har på planområdet, og det tidsaspektet kommunen har for å styre etter nye planar.

Som det går fram av planstrategien valde kommunestyret å ikkje legge opp til å revidere overordna kommuneplan. Dette då samfunnsdelen framleis byggjer på eit utfordringsbilete som er gjeldande, og at planen har ein godt gjennomarbeida målstruktur. Ein har no vald å setje fokus på kopling mellom kommuneplanen sine mål/retningslinjer og vidare prioritering av sentrale mål og strategiar i HP/økonomiplanarbeidet. I kommuneplanen, arealdelen avsette kommunen relativt romslege utbyggingsareal då denne vart vedteken. Utbyggingstakten i Balestrand har ikkje vore veldig stor, og ein ser difor ikkje stort behov for ytterlegare arealtilgang gjennom overordna plan. Ein ser derimot eit stort behov for å detaljere og gjennomføre kommuneplanen mellom anna gjennom utarbeiding av reguleringsplan for bustadtilrettelegging i sentrumsområdet slik dette er teke inn i planstrategien.

Avslutningsvis vert det skissert i planstrategien at kommunane Sogndal, Leikanger og Balestrand startar opp med felles kommunal plan for idrett og fysisk aktivitet før 2020. Ein reknar vidare med at når den nye fellesnemnda kjem i funksjon vil det bli aktuelt å starte opp/samordne/utarbeide også andre planar før 2020.

Målet med ein planstrategi er at det skal ligge ei vurdering til grunn for prioritering av planbehovet. Denne vurderinga skal skje ut i frå ei vurdering av kva utfordringar og utviklingspotensial kommunen har som samfunn og organisasjon.

Altså tre viktige element;

1. Gjere greie for utviklingstrekk og utfordringar
2. Vurdere dei langsiktige utviklingspotensiala
3. Ta stilling til kva planar som skal utarbeidast. Særskild ta stilling til om kommuneplanen skal reviderast heilt eller delvis eller vidareførast utan endringar.

Regjeringa har lagt opp til at Balestrand kommune vert ein del av ein ny kommune saman med Leikanger og Sogndal frå 01.01.2020..

Dette gjev kommunen sitt planarbeid ein total ny føresetnad og nytt perspektiv. Planarbeid handlar om framtida for staden og kommunen. Planarbeid handlar om den måten organisasjonen Balestrand kommune kan jobbe saman med andre interessantar med å setje mål, velje strategiar og gjennomføre tiltak som ein meiner vil gje Balestrand ei ønskt utvikling.

Med eit tidsperspektiv på 2 år og 6 månader er det svært avgrensa kva ein kan gjennomføre av planarbeid, og ikkje minst vil det vere marginalt med tid i etterkant av at ein plan er vedteken som organisasjonen Balestrand kommune vil kunne følgje opp og jobbe etter planen. Arbeidet med den nye kommunen vil også bli sett i gang raskt, og nye overordna planar og strategiar for denne vil vere noko av det første som vert gjort.

I Kommunal planstrategi for Balestrand kommune må ein ut i frå dette finne ut kva som er fornuftig å gjennomføre av planarbeid. Ein må då vurdere følgjande:

- Kva er ynskjeleg og mogeleg å gjennomføre medan Balestrand kommune er eigen organisasjon?
- Kva planar kan leve vidare og bli følgt opp av den nye kommunen?

Det vart peika ut 3 satsingsområde:

- Bustadar
- Næring
- Marknadsføring – omdøme

Erfaringar å ta med seg

Eit relativt nøkternt ambisjonsnivå er følgt opp, sjølv om tidsplanar også her har vore vanskeleg å halde. Kommunen har hatt positive erfaringar med strategisk planlegging knytt til nærings- og samfunnsutvikling, samt å kople mål strategiar og handlingsretta tiltak til økonomiplanen.